
Årsmelding 2014



Fiskarar frá Magi-folket i Khimti i Nepal som bur i nærleiken av Statkraft sitt Khimti-anlegg, foto: Tora Systad Tyssen

Del 1: Innhold, arbeidsform og finansiering	
Arbeidsform:	side 2
Styret	
Ansatte	
Finansiering	
Del 2: Aktiviteter gjennomført i 2014	
I. Påverknadsarbeid	
Policyarbeid	side 3
Vatn og sanitær	
Energibistand og vannkraftprosjekter	
Følgning av prosjekt	side 4
II. Informasjonsarbeid	
Informasjonshenvendingar	side 5
Medieoppslag	side 5
Nettsider og nyheitsbrev	side 6
Arrangement	side 7
Studie- og prosjektreiser	side 7
Malaysia	
Nepal	
III. Nettverksarbeid	
Møter/konferanser	side 9
Foredrag	side 10
IV. Organisasjonsarbeid	side 10

Arbeidsform

Arbeidet i Fivas er avhengig av frivillig engasjement. Arbeidsfeltet vårt er stort og for å kunne dekke dei viktigaste sakene er det essensielt at vi har ei aktiv gruppe frivillige medarbeidarar. Hovudvekta av det frivillige arbeidet gjerast av styret. I 2014 har mykje av styret sin kapasitet gått med til planlegging grunna den annonserte endringa i infostøtta. Styret og andre har og vore involvert i andre aktiviteter som gjennomføring av seminar og Blå oktober-kampanjen.

Styret

Styret har i 2014 bestått av:

- Aurelia van Eden (styreleiar fram til august 2014)
- Miguel Utreras (nestleiar fram til august 2014, styreleiar frå august 2014)
- Kristin Lauvstad Tufte (nestleiar frå august 2014)
- Jørgen Magdahl
- Maren Olene Kloster
- Guro Gjoerven
- Ingvild Nilsen

Vara:

- Paul Garside
- Silje Kjørberg Hernes

Det vart heldt åtte styremøter og eit styreseminar i løpet av 2014.

Ansatte

Fivas har i 2014 hatt to fulltidsstillingar. Jonas Holmqvist har vore dagleg leiar, medan Tora Systad Tyssen har vore informasjonsmedarbeider.

Finansiering

2014 er det fjerde året av Fivas sin rammeavtale med Norad. Over rammeavtalen får vi 1,4 millionar kroner til informasjonsarbeid og drift. 260 000 kroner er bunde til tiltak, medan resten av pengane går til løn og administrative kostnader. I 2014 hadde FIVAS 45 000 overført frå 2013 for å gjennomføre studiereise, dette ga ein totalsum for tiltak på 305 000. I tillegg til dette fekk Fivas 79 000 kroner i momskompensasjon i 2014. FIVAS fikk støtte til einskildaktiviteter frå Klima- og miljødepartementet og frå Bruno Manser Fonds på 15 000 og 41 000. Dette ga samla disponible inntekter på 1 580 970.

Regnskapsførte kostnader er 1 549 517, noko som gjev et overskot på 30 868.

Det er i frå 2014 til 2015 gjort ei omlegging som gjer at opptente feriepengar kostnadsførast på året dei vert opptente, i tråd med FIVAS sitt ansvar som arbeidsgjever. Feriepengar settast difor til sides og minkar tilgjengeleg bankinnskot. Balanserekneskapet syner bankinnskot på 506 642 ved utgangen av 2014, av desse er 253 125 kroner tilgjengelege.

Aktivitetar gjennomført i 2014


I. Påverknadsarbeid

Fivas driv i varierende grad direkte påverknadsarbeid. I 2014 har arbeidet vore knytt både direkte til norske aktørar som opererer ute, som Norconsult i Sarawak og Statkraft i Nepal, og til større internasjonale prosessar som utviklinga av nye berekraftsmål og Finansiering for utviklingsprosessen. Her har både arbeid gjennom nasjonale og internasjonale nettverk og kontakt med embetsverk og utviklingspolitisk leiing vore viktig. Dette er prosessar som vil halde fram i 2015.

Fivas har og vore i kontakt med etikkrådet til Statens pensjonsfond utland i forbindelse med fondet sine investeringar i selskap i Sarawak. Det har og i løpet av året vorte skrivne ein rapport om fondet si etiske vassforvaltning som vil brukast vidare som grunnlag for dialog med fondet.

FIVAS har hatt møte med stortingsrepresentant for SV Snorre Valen og utviklingspolitisk talsperson og stortingsrepresentant for Høgre Sylvi Graham om situasjonen i Sarawak og den norske involveringa. FIVAS og representantane frå Save Rivers som var her i mai fekk møte Snorre Valen og komme med sine historiar. Valen ville følgje saken og var svært interessert i å bidra til at norske konsultentselskap oppførde seg etisk. FIVAS fekk først møte Graham etter at gjestane frå Malaysia var reist. Graham understreka at stortingsrepresentantar ikkje kan gjere noko direkte overfor private selskap, men var interessert i styrking av det etiske rammeverk for næringslivet.

I høve saka om Norconsult si involvering i dammane i Sarawak har FIVAS freista å påverke selskapet direkte, men dialogen har vore avgrensa. FIVAS har og freista å påverke det malaysiske selskapet Sarawak Energy og den norske leiinga, men med lite hell.



Aksjon utanfor Norconsult i mai 2014 då vi hadde besøk av ein delegasjon frå Sarawak. Foto: Tora Systad Tyssen

Vi klaga i 2014 inn Norconsult til det nasjonale kontaktpunktet for *OECDs retningslinjer for multinasjonale selskaper*, ein prosess som held fram i 2015. Vi skal ha første meklingsmøte med

selskapet gjennom kontaktpunktet i februar 2015. Målsettinga er å minke dei negative effektane for menneskje i Sarawak og å styrke menneskerettsvurderingar og openheit i norske konsulentselskap.

FIVAS har og hatt fokus på næringslivet sitt samfunnsansvar gjennom arbeid i Forum, mellom anna i innspel til evalueringa av Norfund, deltaking i NHD sitt eigarskapsforum, og gjennom mediefokus på norsk deltaking i Sarawak Energy. Arbeid med media etter offentliggjeringsa av Riksrevisjonens gjennomgang av norsk bistand til rein energi har og vore ein del av påverkaringsarbeidet.

Å følge omlegginga av etikkarbeidet i Statens Pensjonsfind Utland (Oljefondet) etter anbefalingane frå strategirådet har og vore ein prioritet i 2014.

Policyarbeid

I 2014 har FIVAS spela inn til både Fiansering for utvikling-prosessen (FFD) og til prosessen med utvikling av dei nye berekraftsmåla (Post 2015). Både FFD og Post 2015 har vore koordinert av ForUM, men FIVAS har også deltatt i direkte møter med UD og i stakeholder-møter i FN i New York. Særleg på FFD har vi og hatt en nær kontakt med det europeiske nettverket. I denne prosessen har vi hatt fokus på rammer for privat finansiering og såkalla *development finance institutions* som Norfund er eit eksempel på. Vi har og løfta viktigeita av regelverk for menneskerettigheter i næringslivet, eit av ForUM sine sentrale krav, og fått gehør for dette av UD. Daglig leiar deltok i New York under opninga av FFD prosessen og informasjonsmedarbeidar var på første forhandlingssesjon i november, kor ho heldt eit innlegg på vegne av sivilsamfunn.

Utviklingen av nye berekraftsmål i den såkalla Post 2015-prosessen har vi mest arbeid med gjennom ForUM. FIVAS heldt eit ulandsseminar i samarbeid med SAIH og Senter for utvikling og miljø om vatn i dei nye måla i august med deltaking frå UD. Der vart det understreka at vatn er viktig for UD. Seinare har vi erfart at vatn er ei aktiv forhandlingsinteresse for Noreg. I tillegg til å fremme vatn og sanitær som menneskerettar har vi og arbeid med innspel til energimålet gjennom ForUM.

Vatn og sanitær

Det viktigaste arbeidet på vatn og sanitær er granskinga av Oljefondet sin politikk og investeringar i rapporten «Dead in the water» som kjem på nyåret 2015. Arbeidet har vist at sjølv om vatn er eit fokusområde for aktivt eigarskap for fondet er resultatata magre. Funna vil følgast opp med meir politisk målretta arbeid i 2015.

Vatn ser ut til å verte inkludert som eige mål i dei nye berekraftsmåla som skal fattast i 2015. FIVAS har samen med internasjonalt sivilsamfunn pressa på for dette og for at målet skal innehalde ein referanse til vatn og sanitær som menneskerettar. Ein referanse til menneskeretten kom inn i utkastet i løpet av sommaren 2014. Det er snakk om å kutte i ei mengde mål, men Noreg har flagga det som ei offensiv interesse å halde på målet for vatn og sanitær.

Det ser og ut til at bistand til vatn kan auke att. KrF har vist interesse for feltet og Børge Brende har på spørsmål frå Kjell Ingolf Ropstad i Stortinget svart at dei vektlegg dette arbeidet og at volumet skal aukast. Det er og oppretta ein vassgruppe i Stortinget og norske forskingsmiljø som NIVA og UiB har synt interesse for auka samarbeid for auka bistand på feltet. Vår utfordring vert no å sørge for god kvalitet på den bistanden som vert gjeven.

Energibistand og vannkraftprosjekter

I juni vart Riksrevisjonen sin gjennomgang av norsk bistand til rein energi offentleggjort. Rapporten var langt på veg kritisk til utbyttet av dei mange milliardane som har vorte brukt frå år 2000 til 2013. At støtta til sektorsamarbeid har vore delvis uverksam, at støtte til utreiingar ikkje har gjeve ny kraft og at det ikkje er ein naudsynt samanheng mellom auka elektrisitetsproduksjon og nye arbeidsplassar er nokre av konklusjonane som støtter opp under tema FIVAS har freista løfte over tid. FIVAS arbeide for at gjennomgangen skulle vorte dekkja av norske og utanlandske media, og har hatt møte med UD om oppfølginga av gjennomgangen. Løyvingane over statsbudsjett vart

likevel ikkje reduserte og vi ventar spent på endringane som framleis er under planlegging i Utanriksdepartementet.

Av andre saker har FIVAS jobba for at bistand skal brukast på nye fornybarteknologiar gjennom arbeidet med Post 2015 i ForUM.

Følgning av prosjekt

FIVAS har retta fokuset mot Sarawak og Nepal og har gjennomført studiereiser dit i 2014. Sjå meir om desse turane på side 7 og 8.

FIVAS har i mindre grad enn tidligare følgt eit breidt tal prosjekt utan norsk involvering, men har vidareformidla internasjonale nyhende og andre organisasjonar si rapportering frå prosjekt på Nilen, Mekong, i Amasonas og på Kongo-elva.

I tillegg har FIVAS hatt fokus på vassituasjonen i Palestina, på forholda nedstraums for Theun Hinboun-kraftverket og på energisituasjonen i Guatemala. Uganda har starta opp at Karuma-prosjektet med kinesiske kontraktørar, og FIVAS har følgt med for å sjå om andre norske aktørar har vore involverte.



II. Informasjonsarbeid

Informasjonshenvendingar

Vi har svara på informasjonshenvendingar frå journalistar, studentar og forskarar, både i Noreg og utlandet, om spørsmål relatert til prosjekt og tema vi arbeider med.

Medieoppslag

I 2014 har Fivas vore i media fleire gongar i forbindelse med fleire av tema vi jobbar med. I tillegg har vi fleire gongar vore i kontakt med journalistar som har trengt bakgrunnsinformasjon og tips til reportasjar.

Når	Medium	Tittel/tema	Journalist/skribent/kontakt
22. mai	Nrk – Her og nå	Urfolk frå Sarawak på besøk i Noreg for å snakke med Norconsult http://radio.nrk.no/serie/her-og-naa-hovedsending/DMNH01010214/22-05-2014#t=48m47s	Jonas Holmqvist, Maria Ajang og Peter Kallang intervjuar.
22. mai	Aftenposten	Vi støtter debatten – kronikk om informasjonsstøtta http://www.aftenposten.no/mening-er/kronikker/Vi-stotter-debatten--7575467.html	Jonas Holmqvist, i samarbeid med andre organisasjonar på Solhuset
23. mai	Oddasat, nyheter på	Borneos urfolk ber samene om hjelp	Maria Ajang og Peter Kallang, intervjuar av Siv Eli Vualab

	samisk, NRK	http://tv.nrk.no/serie/oddasat-tv/SANY80052314/23-05-2014	
25. juni	Bistandsaktuelt	Knusende kritikk om bruk av energimilliarder http://www.bistandsaktuelt.no/nyheter-og-reportasjer/arkiv-nyheter-og-reportasjer/riksrevisjonen-f%C3%A5-resultater-av-12-milliarder-til-ren-energi	Jonas Holmqvist, intervju av Jan Steen/ Hege Opseth
8. juli	Huffington Post/ Huffpost Green	Government Audit Finds Hydropower Aid Doesn't Benefit the Poor	Peter Bosshard, International Rivers
11. juli	Dag og tid	Resultatlaus energibistand http://fivas.org/fivas/vedlegg/Ny-tid-om-riksrevisjonen.pdf	Jonas Holmqvist, intervju av Siri Helle
23. oktober	Bistandsaktuelt	Gazas vann nesten bombet vekk http://www.bistandsaktuelt.no/debatt/kategorier/tr%C3%A5der?thread=416817	Kronikk av Guro Gjørven og Kristin Lauvstad Tufte i samarbeid med Fellesutvalget for Palestina
19. oktober	Vårt land	Storgevinst på vann http://www.vl.no/samfunn/storgevinst-p%C3%A5-vann-1.275346	Tora Systad Tyssen, intervju av Geir Ove Fonn
20. oktober	Vårt land	Vann utelatt fra norske FN-mål http://www.vl.no/samfunn/vann-utelatt-fra-norske-fn-m%C3%A5l-1.275423	Tora Systad Tyssen, intervju av Geir Ove Fonn
Oktober	Ny tid	Om Schudder sine innrømmingar i New York Times.	Jonas Holmqvist, intervju av Thorbjørn Tumyr Nilsen
31. oktober	Globaliseringskonferansen.com – Norges Sosiale Forums nettavis	Fem krav til oljefondet http://globaliseringskonferansen.com/2014/10/31/fem-krav-til-oljefondet/	Jonas Holmqvist saman med Fian, LAG, Norsk Folkehjelps solidaritetsungdom, Changemaker og SAIH

Nettsider og nyheitsbrev

I 2014 vart det lagt ut 27 eigenproduserte nyheitssaker på nettsidene. Det gjev eit gjennomsnitt på 2,25 saker i månaden. I tillegg er det lagt ut kring 35 internasjonale saker med relevante linkar på nettsidene våre i første halvdel av 2014. Etter det har vi gått over til å berre poste slike saker på Facebook og Twitter kor vi betre kan måle lesartal og nå ut til fleire.

Det er sendt ut 9 nyheitsbrev med saker frå nettsida. Kvart nyheitsbrev inneheld tre eigenproduserte saker og tre saker som enten er eigenproduserte eller hente frå andre nettstader. Det er 750 abonnentar på Fivas sitt nyheitsbrev (per 2. februar 2015). Det er 49 fleire abonnentar enn det var for eitt år sidan.

Sosiale medier

Fivas er i dag tilstade på Twitter, Facebook, Wordpress og Slideshare, kor dei to førstnemnde er dei som er mest i bruk. Alle desse er integrerte inn i nettsida vår og lett tilgjengelege for brukarane.

Twitter har vi mest effektivt nytta til å kommunisere med politikarar og andre aktørar, i tillegg til å dele egne og andre sine saker. Gjennom Facebook, kor vi har profil både for Fivas, Blå oktober og informasjonsmedarbeidar, har vi nådd aktivistar og andre interesserte. Her deler vi både egne saker

og relevante saker frå inn- og utland. Vi brukar og sida i forbindelse med reiser for å dele bilete, møter og observasjonar. Fleire som er interesserte i arbeidsfeltet vårt og som vil vere frivillige i Fivas har teke kontakt med informasjonsmedarbeidaren gjennom meldingstenesta på Facebook.

Nettsider

Gjennom heile 2014 har vi arbeidd med å utvikle nye nettsider. Dette er eit arbeid som av ulike grunnar har dratt ut i tid, men som vert ferdigstilt dei første månadane i 2015. Dei nye sidene vil vere langt meir funksjonelle og oversiktelege enn dei gamle. Sidene er utvikla i eit nytt publiseringsverktøy og er difor bygd opp att frå botnen av med betre oppbygging og organisering. Målet er å gje Fivas sine brukarar betre oversikt over våre prioriteringar og arbeidsfelt og lettare tilgong til stoffet dei er ute etter. Vi har i forkant av utviklinga analysert brukarmønster på nettsida og hatt nettsideevaluering med andre organisasjonar for å få innspel i arbeidet.

Nettsidene våre har hatt eit nokså jamnt besøk gjennom året. Vi har tydeleg auke dei første dagane etter at vi sender ut nyheitsbrev. Vi har fulgt besøkstala gjennom bruk av analyseverktøyet Google Analytics og sosiale media gjennom Klout. I løpet av 2013 har vi hatt 12 609 besøk på nettsidene, ein oppgang på 500 frå i 2013. 9993 har vore unike brukarar, ein auke på kring 1800 frå året før. Vi har hatt 21 818 sidevisningar, noko som er ein nedgong på kring 3000 frå 2013.



Penan-jenter i Sarawak mars 2014, foto: Tora Systad Tyssen

Arrangement

Dato	Arrangement	Stad	FIVAS' bidrag
28.01	Ulandsseminar i samarbeid med SAIH og SUM	Blindern	Medarrangør
3.3	Lansering av Guatemala-rapport	Solhuset	Arrangør
22.5	Ope møte med SAVE Rivers	Solhuset	Arrangør
12.8	Ulandsseminar om SDG i samarbeid med SAIH og SUM	Blindern	Medarrangør
3.10	Filmvisning: Blue Gold – World Water Wars	Cinematket	Medarrangør
25. 10	Palestinakonferansen i samarbeid med Fellesutvalget for Palestina	Høgskulen i Oslo og Akershus	Medarrangør

I samarbeid med Senter for utvikling og miljø ved Universitet i Oslo (SUM) og Studentenes og akademikernes internasjonale hjelpefond (SAIH) har vi arrangert **Ulandsseminaret** to gongar i 2014. Dette har gjeve oss høve til å heve viktige og interessante problemstillingar og nå ut til nye interesserte. Begge gongane har det kome over 50 deltakarar.



Utviklingspolitisk direktør i UD, Henrik Harboe, snakkar under Ulandsseminaret på Blindern i januar, foto: Tora Systad Tyssen

I forbindelse med at vi hadde besøk av både urfolksrepresentantar frå **Sarawak** og ein representant frå Bruno Manser funds i mai hadde vi eit ope møte om vasskraftutbygging i Sarawak på Solhuset. Der fekk dei kring 15 oppmøtte eit nært møte med kva verknadar slik storstilt damutbygging har på bakken.

I forbindelse med Blå oktober, som har som mål å setje søkelyset på retten til vatn og sanitær, hadde Fivas 3. oktober ei visning av filmen **Blue Gold: World Water Wars** på Cinemateket i samarbeid med Oslo dokumentarkino. I forkant av visninga innleia styremedlem i Fivas, Jørgen Magdahl, om privatisering av vassressursar. Det var godt oppmøtte, kring 65 personar.

I slutten av oktober arrangerte vi **Palestinakonferansen**, eit heildagsseminar, saman med Fellesutvalget for Palestina (FuP). Tema for konferansen, som FuP arrangerer kvart år, var krigen i Gaza, okkupert land og stole vatn. Fivas hadde ein eigen bolk på programmet kor informasjonsmedarbeider Tora Systad Tyssen heldt ei innleiing om korleis okkupasjonen av Vestbreidda har ført til utarming av palestinske vassressursar og Arve Danielsen, som har vore utsendt frå Kirkens Nødhjelp til Gaza, snakka om dei enorme utfordringane Palestina står føre for å sikre vassstilgong etter krigen sommaren 2014. Kring 100 personar var til stade på konferansen.

Studie- og prosjektreiser

Sarawak, Malaysia

Eit av dei viktigaste felte Fivas har arbeidd med i 2014 er norsk involvering i vasskraftutbygging i Sarawak på malaysisk Borneo. For å få meir innsikt i saka og kunne møte og intervju dei påverka og andre involverte i prosjektet reiste dagleg leiar og informasjonsmedarbeider til området i mars 2014. Utbyggingane som foregår er del av Sarawak Corridor of Renewable Energy (SCORE), eit storstilt utbyggingsprosjekt, og vert gjennomført av Sarawak Energy.



Dagleg leiar i Fivas, Jonas Holmqvist, intervjuer ein fiskar i landsbyen Long Makaba i Sarawak om planlagde damutbyggingar i mars 2014, foto: Tora Systad Tyssen

Målet for første del av reisa var å treffe dei som vart tvangsflytta på 1990-talet på grunn av Bakun-dammen, dei som nyleg har vorte tvangsflytta grunna Murum-dammen og dei som vil verte tvangsflytta eller ellers råka grunna den planlagde Baram-dammen. Ved hjelp av SAVE Rivers fekk vi vere tilstade på ei samling av urfolk frå alle dei som kan verte tvangsflytta av Baram-dammen ved blokkaden som er sett opp ved Long Kasih. I tillegg besøkte vi tre ulike landsbyar i området som kan hamne under vatn dersom dammen vert bygd. Vidare besøkte vi både Bakun- og Murum-dammen og besøkte ei rekke landsbyar kor dei som vart tvangsflytta grunna dammane hadde vorte flytta.

I forkant av reisa hadde vi oppretta kontakt med Einar Kilde, visedirektør i Sarawak Energy, som hadde sagt at han var villeg til å møte oss i Kuching, hovudstaden i Sarawak. Vi reiste til Kuching med plan om å treffe han og forhåpentlegvis direktør Torstein Dale Sjøtveit. Etter mykje kommunikasjon fram og attende avviste både Kilde og Sjøtveit våre forespørslar om å møtast.

Nepal

Nepal er eit av Noreg sine satsingsland både når det gjeld bistand til rein energi og utviklingsbistand generelt, og Statkraft har alt fleire anlegg i landet itillegg til at dei planlegg utbygginga av iallfall eit nytt. For å lære meir om effektane og konsekvensane av dei norske investeringane og involveringane reiste dagleg leiar, informasjonsmedarbeider og styremedlem Ingvild Nilsen til Nepal i november/desember 2014 for å besøke anlegga, møte med den norske ambassaden, Statkraft, nepalesisk sivilsamfunn og besøkte nepaleserar som vert påverka av utbyggingane anten gjennom tvangsflytting eller endring av livsforhold.

I samarbeid med den nepalesiske sivilsamfunnsorganisasjonen Jal Sarokar besøkte vi Khimti-anlegget og omkringliggende landsbyar. Vi besøkte og området kor Statkraft planlegg å bygge ut Tamakoshi 3 og prata med innbyggjarar i landsbyar som vil verte oversvømd dersom dammen vert bygd ut. Vi besøkte og Upper Tamakoshi som kinesiske Sinohydro no bygger ut på den øvre delen av Tamakoshi-elva. Vidare besøkte vi Sunkoshi-dammen som vart øydelagd av eit jordskred i august 2014 og Botakoshi-dammen. Avslutningsvis besøkte vi Melamchi-området. Frå Melamchi-elva vert det for tida bygd ein kanal til hovudstaden Kathmandu for å sende drikkevatt til Kathmandu. Der intervjuar vi bønder og lokale som driv med fiskeanlegg som vil verte råka dersom vatnet i elva deira forsvinn.



Nepalesarar som hentar vatn ved Durbar square i Kathmandu, foto: Ingvild Nilsen

I Kathmandu fekk vi, i tillegg til å møte energirådgjevar på ambassaden og Statkraft og Himal Power sine lokale tilsette, fleire møte med lokale aktivistar, akademikarar og urfolksrepresentantar som på ulike vis har tilknytning til den norske involveringa i Nepal.

III. Nettverksarbeid

I 2014 har Fivas delteke aktivt i nettverksarbeid både i Noreg og internasjonalt. I Noreg har nettverksarbeidet særleg vore forankra i arbeidsgruppene i ForUM og til dels i arbeidet med å arrangere Blå oktober-kampanjen. I tillegg har Fivas samarbeidd med ei rekke andre organisasjonar om enkeltsaker og –arrangement, som ulandsseminar og Palestinakonferansen. Vi dreg og mykje nytte av uformelle samtalar og samarbeid med dei andre organisasjonane på Solidaritetshuset, kontorfellesskapet vi er del av. Vi har hatt dialog og samspill med blant anna LAG, Regnskogsfondet, SAIH og Burmakomiteen om prosjekt vi følger i løpet av året. Oppfølging av valgkomitevervet i RORG og Styrevervet i ForUM har og førd til ein tettare dialog med desse organisasjonane. FIVAS deltok også i Kirkens Nødhjelps konferanse med næringslivet om vatn og berekraft, Oslo Water Initiative. Vi hadde ein dialog med KN i forkant av konferansen og deltok i eit panel om mellom anna CEO Water Mandate.

Internasjonalt har vi haldt fram samarbeidet med den internasjonale vassrørsla kring utviklinga av dei nye berekraftsmåla. Dette har gjeve oss høve til å følge prosessen sjølv om vi ikkje har hatt kapasitet og pengar til å reise på møta i den opne arbeidsgruppa. Dette har vi og heldt oss oppdatert på gjennom ForUM.

På haustparten har vi jobba både i nasjonale og internasjonale nettverk med Finansering for utvikling-prosessen som skal leie fram til eit toppmøte i Addis Abeba i juli 2015. Vi har haldt tett kontakt med eit internasjonalt nettverk av sivilsamfunnsorganisasjonar både gjennom å reise og delta på møter i New York og Paris og via epostlister. I Noreg har vi delteke i den ForUM-koordinerte FFD-innsatsen.



Frå dei uformelle sesjonane om Finansering for utvikling i FN i New York i november, foto: Tora Systad Tyssen

Vi har og oppretthaldt eit tett samarbeid med SAVE Rivers og Bruno Manser funds om Sarawak. Dette har vorte styrka gjennom studiebesøk til Sarawak og at representantar for organisasjonane har vore på besøk i Noreg. Ein annan organisasjon som har haldt fram som ein viktig samarbeidspartner er International Rivers. Gjennom studiereise til Nepal har vi og oppretta kontakt med fleire sivilsamfunns- og urfolksorganisasjonar der som vi vil forsette å arbeide med.

Møter/konferansar

I 2014 deltok Fivas mellom anna på desse møta og konferansane:

Dato	Arrangement	Sted	FIVAS rep.
22.1.	Forum: Energi i Post-2015 målene	Forum	Dagleg leiar
27.2	Lansering for Kirkens Nødhjelp sin rapport «Hvor er dirigenten? Fremdeles mer ustemt enn samstemt for utvikling»	Håndverkeren	Informasjonsmedarbeider
25.4	Seminar: «Will the world get the development goals it needs?»	Litteraturhuset, arr: Forum, Unicef, UNDP, GRID, Fokus, FN-sambandet	Informasjonsmedarbeider
5.5.	Møte med Stephen Sparkes, Statkraft om Theun Hinboun	Statkraft, Lysaker	Dagleg leiar
22.5.	Årsmøte i RORG	Miljøhuset	Dagleg leiar
14.5	Møte med visepresidenter fra Verdensbanken om Safeguardsreview	UD, Oslo	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
10.6	Kirkens nødhjelp sin utviklingskonferanse 2014	Royal Christiania	Informasjonsmedarbeider
19.6	Møte med Jon Veia om Energi for utvikling sammen med WWF	WWF, Oslo	Dagleg leiar
14.8	Møte i UD om FFD - Financing for Development	UD, Oslo	Dagleg leiar
23.9	Konferanse Fellesrådet for Afrika: Angola & Norway	KS Agenda, Oslo	Dagleg leiar

2. 10	Paneldebatt: «Ren energi, skitten industri»	Kulturhuset, arr: LAG	Dagleg leiar
7.10	RORG-møte om informasjonsstøtta	Eldorado bokhandel	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
10.10	Ope møte med KRF om utviklingspolitikk i statsbudsjettet	Stortinget	Informasjonsmedarbeider
17.10	FFD opening Session	FN, New York	Dagleg leiar
31.10	Høringsmøte Norad: Stortingsmelding om næringsliv og utvikling	Norad, Oslo	Dagleg leiar
4. 11	Seminar: "Businesses and human rights of indigenous peoples: Challenges and protection mechanisms"	Regnskogfondet	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider
11.-13.11	Uformelle sesjonar, Finansiering for utvikling	FN-hovedkvarteret, New York	Informasjonsmedarbeider
12.11	Safeguardsinnspill til Verdensbanken	Felix kino, Oslo (arr. Norad)	Dagleg leiar
14.11.	KRFs Utviklingsseminar	Stortinget	Daglig leiar
18.11	Concord-møte om Finansiering for utvikling	Paris	Dagleg leiar og informasjonsmedarbeider

Gjennom året om lag 20 møter i Forum for Utvikling og miljø om Post 2015, CSR, Investeringer og annet.

Foredrag

16. februar – Politisk verkstad om vassmangel på Changemaker sin vinterleir, Tora Systad Tyssen, Ellingsrud skule.

17. februar – Organisasjonspresentasjon for journaliststudentar, Tora Systad Tyssen, Høgskulen i Oslo og Akershus.

6. august – Foredrag for Operasjon dagsverk, Jonas Holmqvist

14. oktober – Oslo Water Initiative, Tora Systad Tyssen, PwC

25. oktober – Palestinakonferansen, om vassmangel i Palestina, Tora Systad Tyssen, Høgskulen i Oslo og Akershus

14. november - Krf-seminar om vatn, Jonas Holmqvist, Stortinget

IV. Organisasjonsarbeid

I 2014 har vi arbeid med å rekruttere fleire frivillige medarbeidarar til Fivas og har organisert arbeidsgrupper innan vasskraft og retten til vatn som interesserte kan vere med på. Særleg på vårparten hadde vi ein jamn straum av interesserte, studentar og frivillige som har teke kontakt for å vere med på aktivitetar, få hjelp til research og forskning og høyre meir om arbeidet vårt. Vi inviterer dei som tek kontakt til eit personleg møte slik at vi kan verte betre kjend og få kartlagt kva interesser og kompetanse dei har. Vi prøver så langt det let seg gjere å gje folk konkrete arbeidsoppgåver eller utfordringar tilpassa deira engasjement, slik som oppgåveskriving eller å vere med på å arrangere seminar. Vi har hatt fleire arrangement direkte mynta på aktivistar, eit arbeid vi vil halde fram med i 2015. I tillegg brukar vi andre arrangement vi arrangerer til å kome i kontakt med nye potensielle frivillige medarbeidarar.